

Landets kommunar

Dykker ref

Vår ref

Dato

21/3559-

3. november 2021

Informasjon til kommunane om økonomisk stønad til personar som får problem som følgje av auka straumprisar

I løpet av hausten 2021 har det vore ein sterk auke i prisane på elektrisitet. For somme vil straumrekninga bli ei særleg tyngjande utgiftsbyrde, og somme vil ikkje ha eigne midlar til å betale straumrekninga.

Stortinget stemde den 21. oktober for at regjeringa innan utløpet av oktober, skulle leggje fram forslag om førebels styrking av bustøtta og sosialhjelpe for å sikre at folk med dårlig råd har pengar til å betale dei høge straumrekningane som er på veg.

Regjeringa foreslo 22. oktober i Prop. 8 S (2021-2022) ei ekstraordinær utbetaling til husstandar som mottek bustøtte i dei delane av landet med høgast straumprisar. Regjeringa foreslo at kvar husstand får 2 950 kroner, og at husstandar som består av fleire personar får 120 kroner i tillegg per person ut over den første. Den ekstraordinære situasjonen avgrensar seg i hovudsak til områda sør for Sognefjorden og Dovrefjell. Regjeringa vurderte derfor at ekstrautbetalinga kan bli avgrensa til fylka Vestland, Rogaland, Agder, Vestfold og Telemark, Innlandet, Oslo og Viken, samt Røros kommune i Trøndelag. Med denne avgrensinga vil ordninga omfatte om lag fem av seks bustøttemottakarar. Utbetalinga skal gjerast i november, samtidig som ordinær bustøtte blir utbetalt.

Personar som får økonomiske problem som følgje av auka straumprisar kan óg ha krav på økonomisk stønad etter sosialtenestelova. Dette er kjent for kommunane, som står nærmast til å vurdere kven som eventuelt har rett på slik stønad. Som følgje av den ekstraordinære situasjonen vi er inne i, vil eg likevel minne om vurderinga av straumutgifter og bustøtte ved utmålinga av økonomisk sosialhjelp etter sosialtenestelova §§ 18 og 19.

Det kan ikkje generelt leggjast til grunn at ekstra bustøtte fullt ut vil kompensere for dei straumutgiftene som inngår i livsopphaldet til mottakaren. Det er derfor viktig at kommunen på vanleg måte gjer ei konkret og individuell vurdering av utgiftene til sosialhjelpssøkjarnes livsopphald, medrekna nødvendige utgifter til straum. Løpande utgifter til straum inngår i kjerneområdet for livsopphaldet i sosialtenestelova. Dette inneber at sosialtenesta har plikt til å ta med nødvendige utgifter til straum og oppvarming i utgiftsgrunnlaget ved utmåling av økonomisk stønad. I dagens situasjon der mange har høgare straumutgifter, er det viktig at kommunen i samarbeid med mottakaren vurderer om auka straumutgifter gjer at behovet for stønad aukar.

Kommunen kan etter sosialtenestelova § 19, sjølv om vilkåra i § 18 ikkje er oppfylt, yte økonomisk hjelp til dei som treng det for å kunne overvinne eller tilpasse seg ein vanskeleg livssituasjon. Føresegna opnar mellom anna for at det kan vere aktuelt å yte stønad, sjølv om kravet om at alle inntektsalternativ skal vere forsøkt ikkje er oppfylte, dersom situasjonen og hjelpebehovet er slik at det vil vere ei stor belastning å krevje dette. Søknad om hjelp til å betale ei unormalt høg straumrekning kan vere eit eksempel på ein situasjon der stønad kan hjelpe til at vedkomande kan "overvinne ein vanskeleg livssituasjon".

På den andre sida kan kommunen på vanleg måte etter ei konkret vurdering inkludere bustøtte i vurderinga, med den konsekvensen at mottakaren sitt behov for økonomisk sosialhjelp blir redusert. Som alltid må det uansett takast utgangspunkt i den noverande, faktiske situasjonen til søkeren.

Eg vil understreke at eg er trygg på at situasjonen knytt til dei høge straumutgiftene i delar av landet vil bli handtert på ein god måte av kommunesektoren.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, consisting of stylized letters 'H' and 'A' followed by the name 'Hadia Tajik' written vertically.

Hadia Tajik